



Skulemusikken frå ein opptreden i vår med Thea Taranger som solist og Tor Skeie Olsen som dirigent.

Søndag er det farsdag, og den kan feirast med både flott musikk, rikeleg med gode kaker og spenning. Alt dette er nemleg ingrediensar når skulemusikken arrangerer den årlege basaren sin i Aktivitetshuset søndag ettermiddag kl. 16.

Skulemusikken la om basaren sin i fjor, og det er no ikkje førehandssal med loddbøker på bygda. No er det tallongbøker og årar som vert brukt. Denne omlegginga har vore særdeles vellukka for publikum. Dei som hugsar tilbake til basaren i fjor, har vel aldri opplevd ein basar med så mange og flotte åregevinstar. Dette gjorde nok stunda ekstra spennande for dei som var til stades.

Spennande vert det og å høyre skulemusikken som har sin første opptreden denne sesongen. Dei har hatt flott flyt under dirigent Tor Skeie Olsen si leiing dei siste åra, og vi gleder oss verkeleg til å høyre dei.

I tillegg lokkar basarnemnda med kakebord og gratis inngang.

Dei har motteke ein del gåver til basaren, men seier at dei blir svært glade dersom fleire vil gje gevinstar om dei har noko liggjande. Dei må i så fall leverast til Haldis Åkra eller Janne G. Hjørnevåg innan fredag.

Finst det nokon betre måte å feire farsdagen på?

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Ola Matti Mathisen.